



HARDANGER OG VOSS
MUSEUM

Hordaland fylkeskommune

27 JAN 2014

Til eigarstyre i Hardanger og Voss museum:

Hordaland fylkeskommune, ved Kunsthuset Kabuso

Kvam kommune, ved Ingebrigt Vik museum og Kvam bygdemuseum

Voss folkemuseum

Hardanger folkemuseum

Stiftinga Agatunet

Stiftinga Hardanger fartøyvernsenter

Granvin kommune, ved Granvin bygdemuseum

Norheimsund 24.1.2014

Framlegg til endring av vedtektene for Hardanger og Voss museum

Styret for Hardanger og Voss museum gjorde fylgjande vedtak i sak 06/14:

Styrevedtak 06/14, 7.1.2014

1. Styret i Hardanger og Voss museum vil endra vedtektene slik det er gjort greie for i saksutgreiinga.
2. Styret i Hardanger og Voss museum ber eigarstyra gje skriftleg tilbakemelding på framlegg til vedtektsendringane slik dei er presentert i styresak 6/14 innan utgangen av mars 2014.

Styret ber om at føringane i § 5 i vedtektene om at heile regionen skal vere representert blir tatt ut.

3. Styret ber administrasjonen harmonisera samarbeidsavtalane med dei nye vedtektene, og leggje dei fram for eigarstyra.

Prosess

Endringsforslaga er lagt fram for og drøfta med jurist Gunnar Hagen i advokatfirmaet Thallaug ans. Alle stiftarane (altså eigarstyra) skal gje uttale til endringsforslaga som skal liggje ved søknaden til Stiftingstilsynet om omdanning. Det blir bedt om ein slik uttale innan

utgangen av mars 2014.

Omdanning

Ein kvar endring av vedtektene til ei stifting er etter lova å rekna som Omdanning, og lova sine krav om omdanning gjeld. Det er stiftingstilsynet som avgjer om ein er innafør lova i endringsforslaga. Endringa av formålsparagrafen er grunnngjeven i § 46 d), medan dei andre endringsforslaga er knytt til paragrafens andre ledd:

Lov om Stiftelser: § 46. Vilkår for omdanning

Omdanning kan foretas når en bestemmelse i vedtektene eller den rettslige disposisjonen som danner grunnlaget for stiftelsen

- a) *ikke lar seg etterleve, for eksempel fordi stiftelsens kapital er utilstrekkelig til å tilgodese dens formål på en rimelig måte,*
- b) *er åpenbart unyttig,*
- c) *er i strid med hensikten i den disposisjonen som danner grunnlaget for stiftelsen, for eksempel fordi oppretterens forutsetninger for bestemmelsen har sviktet, eller*
- d) *er åpenbart uheldig eller åpenbart ufornuftig.*

Dersom bestemmelsen ikke gjelder formålet med stiftelsen, og det ellers må antas at det ved opprettelsen ikke er lagt vesentlig vekt på den, kan omdanning skje når bestemmelsen viser seg å være uheldig eller uhensiktsmessig.

Endring av formålsparagrafen

Endringa gjeld Formålsparagrafens tekst i tredje ledd:

Museet har også ansvar for eit sosialpedagogisk tilbod, retta i hovudsak mot vanskelegstilt ungdom

Denne delen av formålet er knytt til Hardanger fartøyvernssenter sitt barnevernsarbeid. Senteret har vore ein offentleg godkjend barnevernsinstitusjon fram til styret vedtok nedlegging av denne 3.12.12. Styret gjorde fylgjande vedtak i sak 41/12

Styrevedtak 41/12, 3.12.2012:

1. På grunn av endra rammevilkår innan statlege barnevern med nedbygging av institusjonsplassar, ser styret for Hardanger og Voss museum seg tvinga til å leggje ned barnevernsarbeidet ved Hardanger fartøyvernssenter for å sikra drifta ved museet. Senteret har i fleire år erfart at Bufetat ikkje har nytta institusjonsplassane, og styret ser ikkje at vilkåra for vidare drift av barnevernsavdelinga er til stades. Det blir jobba for ei styrt avvikling som på mest mogleg skånsam måte tek omsyn til dei tilsette og ungdommane som i dag er knytt til institusjonen.

2. Styret ber om at samarbeidsavtalen mellom Hardanger fartøyvernssenter og Hardanger og Voss museum blir reforhandla.

Endringa av vedtektene knytt til styret og rådet for Hardanger og Voss museum.

Som saksutgreiinga har vist ser styret rådet sin rolle og strukturen rundt oppnemning til styret, som uhensiktsmessig i lovens forstand.

Styret ynskjer at Hardanger og Voss museum sin styringsstruktur speiler igjen den tilknytninga museet bør ha til dei kommunane ein er regionmuseum for. I dag har kommunane ikkje nokon formell styringsmoglegheit i museet. Kommunane og befolkninga er den viktigaste brukaren av museet og banda mellom museet og kommunen bør derfor styrkast.

Styringsstrukturen er også uhensiktsmessig i lovens forstand av di den ikkje sikrar eit breitt samansett styre. I dagans ordning er det 6 ulike oppnemndane organ til styret og det er ikkje noko formelt krav om samordning og samarbeid mellom desse organa.

For å imøtekomma begge desse utfordringane blir det gjort framlegg om endring av vedtektene sin § 5 Styret, § 6 Styret sitt mynde og mandat, ny § 9 rådet sitt ansvar og mynde.

Endring av vedtektene knytt til eigedom

Denne saka var oppe til handsaming i eigarstyra i 2011, i forbindelse med revisjon av samarbeidsavtala pk. 5. Alle eigarstyre tilslutta seg endringa og skreiv under ny samarbeidsavtale.

Vedtektsendringa her er derfor kunn ei harmonisering av denne endringa.

Med helsing



Trude Letnes

Direktør

Vedlegg:

1. Saksutgreiing med vedtak til styremøte i Hardanger og Voss museum sak 6/14.
2. Saksutgreiing med vedtak til rådsmøte 7.1.2014
3. Framlegg til endringa av vedtektene for Hardanger og Voss museum